




Historikar Nils Kolle møter Marit og Harald Hjørnevåg frå sjømatprodusenten Hjørnevåg i Uskedalen

**Eit av dei mange tema på Føredragskroa var Silda og Sunnhordland v/ Nils Kolle frå Universitetet i Bergen. Det vart eit interessant møte mellom historikaren og sjømatprodusenten Hjørnevåg i Uskedalen. Silda og fiske på kysten har vore avgjerande for vår velstand før oljeeventyret.**

Nils Kolle, bygdebokskrivar og bokredaktør, fortalde levande om fikseressursane på norskekysten,- frå norsk artisk torsk til dei rike sildeperiodane med norsk vårgytande sild. Dette gav grunnlaget for ei rik og omfattande næring, også i Kvinnherad. Tenk berre på hemetikkindustrien, sildoljefabrikkane, fiskeflåten og ikkje minst alle vervaplassane med eigne fartybyggjarar. I tillegg kjem all næring som skal til for å halda dette i gang, som motorfabrikkane, bøkkerverkstadene, nothengjer, handel, og telegraf. Ein mann på sjøen gav arbeid til 2 - 3 mann på land.



Grafen syner kollapsen i det store sildeeventyret kring 1960.

Nils Kolle hadde med interesante foto frå Knudsen- og Kannelønningsamlinga,- også frå Uskedalen og Herøysundet. Harald og Marit Hjørnevåg frå sjømatprodusenten Hjørnevåg var tilhøyrarar. I ein kort samtale etterpå supplerte Harald med viktig informasjon omkring dette tema. Foredragskroa med Torstein Monsen har vore eit godt tiltak,- mange tema med høg kvalitet på foredragshaldarane. Frammøte er likevel dårleg. Førebuingsgruppa vil truleg i si oppsummering sjå på kva som kan gjerast annleis for å få eit betre frammøte om viktige og dagsaktuelle tema.

Tekst/foto/ nett: Kristian Bringedal